



Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/fylkesutvalet

Utdanningstilbod til ungdom i Sogn

Sogn regionråd arbeider med ei fråsegn til skulebruksplanen og vil gje si fråsegn innan høyringsfristen. Sogn regionråd vart i møtet i dag samde om at det alt no bør peikast på følgjande:

- Regionrådet kan ikkje sjå at modellframlegga fordeler ulempene med å redusere tilbodet om vidaregåande opplæring i fylket rimeleg. Ei rimeleg fordeling skulle tilseie at regionen beheld sin relative del av skuleplassar i fylket.
- Regionrådet vil spesielt peika på nedgangen i tal programfag for regionen.
- Regionrådet er svært uroa over at framlegga høgst truleg vil medføre at elevar ikkje får sitt primære opplæringsønske oppfylt i regionen, og at det vil medføre auka fråfall.
- Rådet har i arbeidet med sin uttale sett at det ikkje er samsvar mellom behov i regionen, tilgang på samarbeidspartnarar i arbeids- og næringsliv og dei framlegga som ligg føre.
- Rådet ser at det er fylkeskommunale økonomiske bindingar knytt til bygg og satsingar utanfor vidaregåande skule, som til dels grunnjev skeivfordelinga av utdanningstilboda i fylket. Det er ikkje akseptabelt.
- Regionrådet vil oppmode til å legge ein regional utviklingsambisjon til grunn for endringane i vidaregåande skule.

Med helsing

Karina Nerland
dagleg leiar
(sign)